


# FANGST OG SKJELPRØVAR I ÅRDALSELVA

## Fangststatistikk

Fangststatistikken for laks i Årdalselva kan delast i to epokar. Snittfangst per år i perioden 1977-1990 var 60 laks, medan snittet for åra 1991-2014 var 512 laks per år (figur 1, stolpar). Etter tre år med heller dårlege fangstar i 2008-2010, auka fangstane att, og i 2012 vart det fanga 1144 laks, det klart beste resultatet for Årdalselva. Sjølv om fangsten i 2014, 521 laks, er ei halvering i høve til 2012, er det framleis eit bra resultat for Årdalselva.

Sjøaurefangstane har gått nedover sidan tidleg på 1990-talet. Frå 2010 har sjøauren vore freda, og all uskadd sjøaure har vorte sett ut att.

Utviklinga av både laks- og sjøaurefangstane dei siste 10 åra er mykje den same i som i resten av fylket, og viser at mykje av mellomårsvariasjonen skuldast faktorar som ikkje er unike for Årdalselva (figur 1, linjer). Sidan 2010 har ein del av laksane vorte sett ut att i elva, i 2013 utgjorde det ca. 30 % av fangsten.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Årdalselva i perioden 1979-2014 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, grå). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland utanom Årdalselva. Sjøauren har vore freda sidan 2010. NB! Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

## Analysar av skjelmateriale

Sidan 2006 er det analysert skjelpøvar av til saman 1209 laks og 11 sjøaure frå Årdalselva (figur 2, stolpar). Sidan 2009 har me motteke prøvar av ca. 30-70 % av registrert fangst, noko som er svært bra, og gjev eit godt vurderingsgrunnlag. I 2014 mottok me prøvar av 139 laks (38 % av avliva fisk).

Etter at det var høvesvis 5 og 8 % rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet i 2009 og 2010, har innslaget gått drastisk ned dei siste åra. I 2013 var det ingen rømte laksar i materialet, i 2014 var andelen 2,2 %. Av villaksane i 2014 var 126 naturleg rekruttert, 7 var utsett frå klekkeri, og 3 var usikre.

I samband med eit prøvafiske hausten 2014, vart det fanga til saman 9 rømte oppdrettslaks.



FIGUR 2. Antal skjelpøvar frå Årdalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (%), linje).

**NB! Hugs å notera på skjelkonvolutten om fisken er feittfinneklipt**

For meir informasjon sjå [www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)